



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato:

14.08.2024

Vår ref:

2022/1528

Dykkar dato:

31.08.2023

Dykkar ref:

19/10790 23/15737

Saksbehandlar, innvalstelefon
Malene Halsen,

Herøy kommune - vedtak i klagesak - 78/3 mfl. - ny søknad - dispensasjon til tursti Leikong

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal endrar Herøy kommune sitt vedtak om dispensasjon frå LNF-formål til avslag. Klagaren har fått medhald.

Sakshistorikk

Vi viser til Herøy kommune si oversending av klagesak den 31.08.2023.

Saka har tidlegare vore til behandling her i 2022. Det var då søkt om dispensasjon for å etablere turveg i to delar. Del 1 gjaldt turveg frå Leikongbakken til Sætrekroa ved Leikongsætra, medan del 2 gjaldt tursti frå Sætrekroa og oppover mot Skaret. Maritim og teknisk utval i Herøy kommune innvilga søknaden den 22.11.2021, sak 105/21. Det kom inn fleire klager på vedtaket i januar 2022. I klagehandsaminga endra Statsforvaltaren kommunen sitt vedtak til avslag for del 2 av turvegen.

Gurskøy Idrettslag sendte den 05.12.2022 ein ny, revidert søknad om dispensasjon og løyve til å etablere tursti frå parkeringsplassen ved Sætrekroa opp mot Skaret, del 2 av det tidlegare omsøkte prosjektet. Søknaden vart sendt på høyring til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Statens vegvesen, NVE, Møre og Romsdal fylkeskommune, og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal.

Herøy kommune v/ utval for samfunnsutvikling innvilga søknaden den 11.04.2023, sak 46/23. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal klag på vedtaket den 26.04.2023. Anne, Bjarne og Terje Taklo klag på vedtaket den 09.05.2023.

Kommunen behandla klagen og heldt fast ved sitt vedtak i møte 29.08.2023, sak 110/23. Dei sende saka over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd, sjå plan og bygningsloven (pbl) § 1-9.

Statsforvaltaren har i samband med klagebehandlinga motteke brev frå Anne, Bjarne og Terje Taklo, datert 11.09.2023, med meir utfyllande kommentarar til klagesaka.



Statsforvaltaren si rolle

Det går fram av klagan til Naturvernforbundet at vedtaket vart tilgjengeleg for dei på Altinn den 21.04.2023. Dermed er begge klagene i saka sendt inn innanfor klagefristen, og Statsforvaltaren kan behandle saka. Statsforvaltaren kan prøve alle sider av saka. Vi kan også ta opp tilhøve som ikkje er nemnt i klagan dersom vi finn grunn til det. Dersom vi gir klagar medhald kan vi endre vedtaket eller oppheve det, og sende det tilbake til kommunen for ny behandling, forvaltningsloven § 34.

Saka gjeld

Søknaden i denne saka inneheld nokre mindre endringar frå den som var behandla i 2021-2022. Lengda på stien er redusert frå 1390 m til 1350 m, og breidda er redusert frå 1,5 m til 1,2 m. Det ligg også føre ein ny kartleggingsrapport frå Natur og Samfunn AS.

Dei første 250 m av stien ligg i areal som er sett av til IDR-2 idrettsområde i kommuneplanens arealdel. Resten av stien vert liggande i område sett av til LNF-formål. Ein tursti av denne typen fell ikkje innanfor LNF-formålet, og tiltaket krev dermed dispensasjon frå arealplanen.

Om dispensasjonsregelen

Kommunen kan gi dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, dersom begge vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylt:

- «Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.»
- «Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.»

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren vurderer først om det første vilkåret i § 19-2 er oppfylt.

Formålet med å setje av eit område til LNF-formål i arealplanen er å ivareta landbruks-, natur- og friluftsinteresser, og hindre ei utbygging som vil vere i strid med desse interessene. Slike område er meint å vere naturområde utan andre tiltak enn nødvendige landbrukstiltak. Enkel tilrettelegging for friluftsliv kan også tillatast, men dette omfattar ikkje slike tiltak som i denne saka.

Målet med tiltaket er å fremme friluftsinteressene i området. Tiltakshavar ønsker å erstatte det dei skildrar som ein steinete, utvaska og stadvis gjørmete naturleg sti med ein tilrettelagt tursti. Dei hevdar at dette vil gi ei betre turoppleveling, samtidig som det vil gjere turen tilgjengeleg for ei større gruppe menneske. Dermed vil tiltaket tene både folkehelseomsyn og friluftsinteresser. Vidare er tiltaket grunngitt med at folk i mindre grad vil gå nye spor på sidene av stien enn dagens situasjon, slik at tiltaket vil gi mindre slitasje på naturen rundt.

Friluftsområdet omfattar mange ulike interesser. På den eine sida har det verdi at fleire kjem seg ut i naturen, og at naturen blir tilgjengeleg for flest mogleg. Slike tiltak som her er eit viktig bidrag til dette. På den andre sida har urørt natur ein stor verdi, og tilgangen til slike område betyr mykje for mange. Dette tiltaket vil bli godt synleg i eit område med stort sett urørt natur, og vil med det endre turopplevelingen og karakteren av området.

For å sikre ei best mogleg balansering og avvegning av dei ulike interessene som står mot kvarandre i slike saker, bør tilrettelegging av friluftsliv avgjerast gjennom ein planprosess. Ein planprosess gir rom for ei meir heilskapleg tilnærming der ein ser det store biletet og kan sjå større område samla.



På den måten kan ein unngå ei uheldig bit-for-bit-utbygging, som kan bli konsekvensen av å opne for slike tiltak gjennom enkeltvise dispensasjonar.

Samla sett ser vi ikkje grunn til å vurdere dette vilkåret annleis no enn vi gjorde i 2022. Statsforvaltaren finn at ein dispensasjon vil medføre ei tilsidesetting av LNF-formålet, men at det likevel ikkje blir vesentleg tilsidesett.

Det første vilkåret i § 19-2 for å gi dispensasjon er oppfylt. Vi vil difor gå inn i ei vurdering av det andre vilkåret.

Plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd krev at fordelane må vere *klart* større enn ulempene. Det må altså meir til enn alminneleg interesseovervekt. I avveginga mellom fordelar og ulepper er det i utgangspunktet konkrete fordelar knytt til omsyn som lova er meint å ivareta, som er relevante.

Statsforvaltaren ser at det er fleire fordelar ved slik tilrettelegging som det er søkt om her. Grus-stien vil gjere turen opp til Skaret meir tilgjengeleg, slik at fleire kan kome seg ut i naturen. Dette kan igjen verke positivt inn på folkehelsa. I tillegg vil tiltaket gjere det lettare å nytte turområdet på vinteren. Det vil også avlaste den naturlege stien som finst i dag, og minke den slitasjen på naturen rundt som følger av at folk går andre spor for å unngå våte parti.

Samtidig meiner vi at fleire av desse fordelane nok kan oppnåast med enklare tilrettelegging. Kommunen og tiltakshavar meiner at dette ikkje er eit alternativ, då traseen ikkje er eigna for til dømes utlegging av kloppar. Statsforvaltaren har tidlegare vore på synfaring på staden, og sett at medan det ikkje gjeld for heile traseen, er delar av traseen eigna for enkel tilrettelegging med til dømes kloppar eller steinheller. Vi er framleis av den oppfatning at ei enklare, mindre inngripande tilrettelegging vil kunne gi fleire av dei same fordelane. Ein vil naturleg nok ikkje få same effekt som ved slik tilrettelegging som søknaden gjeld. Likevel vil ei enklare tilrettelegging gi ein meir tilgjengeleg sti som gjer at fleire kan kome seg ut på tur, og det vil bidra til å avlaste den eksisterande stien og naturen rundt. Dette gjer at desse fordelane får mindre vekt i vurderinga.

Når det gjeld ulempene ved tiltaket, har kommunen stilt nokre vilkår for dispensasjonen. Desse vil bidra til å bøte på ulempene med tiltaket, men sjølv med desse vil tiltaket medføre tydelege ulepper som må vektleggast i dispensasjonsvurderinga. Éi av desse ulempene er at tilrettelegging av friluftsliv som nemnt bør vurderast i ein planprosess. Vi viser til vurderinga av dette under det første dispensasjonsvilkåret.

Vidare utgjer tiltaket eit naturinngrep i eit relativt urørt naturområde. Tiltaket inneberer å skave av topplaget i traseen og erstatte dette med duk og grus, altså framandelement som ikkje høyrer heime i området. Når store delar av traseen i tillegg er omgitt av kystlynghei, som er klassifisert som sterkt trua (EN), må dette klart vektleggast som ei ulempe.

Tiltaket vil også endre karakteren av området og korleis turen opplevast. Området slik det er i dag framstår som relativt urørt, og slike naturområde har stor betydning for mange. Sjølv om området framleis vil kunne reknast som inngrepsfritt om tiltaket vert gjennomført, er det klart at ein tilrettelagt grus-sti vil gi eit anna inntrykk og gjere at området framstår som mindre urørt. Dessutan er det å gå i ulendt terrenget eit viktig aspekt ved fjellturar for mange. I tillegg til å vere karakteristisk for slike turar, kan det vere positivt for til dømes rygg, ledd og balanse. Desse elementa vil forsvinne om ein erstattar naturstien med tilrettelagt grus-sti.



Som nemnt ovanfor er det gjort nokre endringar i denne søknaden. Stien er gjort noko kortare og smalare enn det var søkt om tidlegare. Dette gjer at ulempene med tiltaket blir litt mindre enn ved førre søknad. Endringar av ein slik karakter reduserer likevel ikkje ulempene med tiltaket så mykje at vi vurderer tiltaket annleis no enn i 2022. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at fordelane ved tiltaket er *klart* større enn ulempene.

Oppsummering

Statsforvaltaren har etter dette kome til at dispensasjonsvilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 ikkje er oppfylte. Vi endrar derfor kommunen sitt vedtak til avslag. Vi noterer oss også klagepunktene som gjeld saksbehandlinga etter naturmangfaldlova. Då vi uansett gir avslag på søknaden, går vi ikkje nærmare inn på desse.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren endrar Herøy kommune sitt vedtak om dispensasjon frå LNF-formål, sak nr. 46/23, til avslag.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, sjå forvaltningsloven § 28.

Partane har fått kopi av dette brevet, og er dermed orientert om vedtaket.

Dersom klagar har krav om å få dekt sakskostnader, må kravet sendast innan tre veker etter at dette brevet er mottatt. Kravet skal avgjera av Statsforvaltaren, jf. forvaltningsloven § 36.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
underdirektør

Malene Halsen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

GURSKØY IDRETTSLAG	c/o Steffen Moltu Langåsen 9	6080	GURSKØY
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL	c/o Øystein Folden Rasta 4	6630	TINGVOLL
Anne Nelly Taklo	Jøsokvegen 74	6080	Gurskøy
Bjarne Taklo	Jøsokvegen 74	6080	Gurskøy
Terje Ove Taklo	Jøsokvegen 74	6080	Gurskøy